

Krigsminne frå Bjerkreim:

8. mai 1945 vekker minne



MINNA STRØYMER: I morgen (8. mai 2004) deltek Bård Vassbø på den årvisse tilstellinga til Egersund og Dalane Forsvarsforening. 8. mai vil alltid vera ein spesiell dag for 78-åringen.

*

*Denne artikkelen stod i Dalane Tidende 7. mai 2004.
Bård Vassbø trur aldri han kjem til å gløyma ugla som plutselig flaug opp i
Gloppedalen den mørke kvelden seinhaustes i 1944.
Han var aleine, livredd og på flukt.*

Tekst og foto Keth Odland

Bård Vassbø har ingen klisterhjerne. Han trur det må vera den konstante og intense spenninga, frykta og dei sterke inntrykka som gjer at detaljane frå dei siste krigsmånadene i 1944/-45 står meisla i minnet hans. Han treng ingen jukselapp når han fortel:

– Hausten 1944 begynte eg på gymnasen i Stavanger. Tyskarane hadde teke i bruk Kongsgård som forlegning, så me blei underviste på Stavanger Museum. Eg budde på hybel hjå ein slektning i byen. Ein kveld fekk eg telefon om at eg ikkje måtte møta på skulen dagen etter. Telefonen var anonym, men eg meinte å kunna gjenkjenna stemma. Eg gjekk ikkje på skulen, men på ettermiddagen ringte eg til ein av dei andre i klassen for å spørja kva me hadde fått i lekse. Han

sa at det hadde vore to personer og spurt etter meg på skulen. Då forstod eg at tampen var begynt å brenna, seier Bård Vassbø.

KONTAKT MED AGENTAR

Unge Vassbø var ein av fleire bjerkreimsbuar som forsynte agentar frå England med såvel mat som opplysningar om kva tyskarane tok seg føre på Jærkysten.

– Nedover Jæren hadde me kontakter som spionerte på tyskarane, fortel han. Gynasiasten følte seg utrygg på hybelen. – Eg flytte derfor inn hjå eit søskenbarn av far, Lars Vassbø, som budde ved Sørmarka. Han fekk ikkje vita kvifor eg flytte. Eg sa bara at eg ikkje likte meg på den første hybelen, seier Bård Vassbø.

Etter kvart måtte 18-åringen vekk frå Stavanger. Han visste at norske agenter heldt til på Hovlandsstølen ved Sundvor. Første del av turen gjekk med båt frå Stavanger til Dirdal.

– Eg kom til Dirdal i sju-åtte-tida om kvelden. Eg hadde med meg ein koffert, hugsar eg. Det regna og var mørkt. Eg gjekk til Byrkjedal og vidare gjennom Gloppedalsura. Eg var gruelig redd, hørde allslags lydar. Ei ugle skremde meg skikkeleg då ho flaug opp. Eg kjende jo til trefningane som hadde vore i Gloppedalsura tidligare under krigen; stemninga var uhyggelig, skildrar han.

GESTAPO KOM FØRST

Men han kom seg gjennom dalen, til Veen og endelig til Hovland. – Eg tok inn hjå Anton Hovland som eg visste hadde kontakt med agentane. Han kunne fortelja at Gestapo dagen før hadde skote Hovlandsstølen i brann. Agentane hadde kome seg unna i tide, fortel Bård Vassbø.

Han blei så innkvartert ei veke hjå Paul Sundvor på Sundvor. – Son til Paul kjørte posten frå Vikeså til Øvrabygda. Han kunne fora meg med ein del informasjon. Eg bestemte meg for å koma i kontakt med Alf og Terje Vikeså, som låg på Grøtteland. Sykkelen som eg lånte ned til Hegelstadbrua, skulle mjølkeruta ta med opp att. Eg gjekk opp Hegelstaddalen og langs Austrumdalsvatnet til Grøtteland. Alf og Terje var godt utstyrte og hadde våpen. Etter eit par dagar på Grøtteland gjekk me til Stavtjørn og opp på Rambjørheia. Ski fekk me av dei Grøtteland. Etter ei natt ute i sovepose nådde me torvhytta Alf og Terje hadde bygt seg i Hegelstaddalen. Haren Terje skaut til middag, måtte kokast på primus; me torde ikkje fyra i omnen av frykt for at røyken skulle avsløra oss. Me tenkte jo på faren for at skispora skulle bli oppdaga av tyske fly, seier Bård Vassbø.

POTETSEKKER AUSTOVER

Flyktningane bestemte seg for å dra til Kristiansand, til Håkon Vikeså, bror til Alf og Terje. Derifrå skulle det vera klar bane over til Sverige. Det hadde dei fått vita per brev, eit brev om potetar:

– Håkon skreiv at han hadde motteke to sekker potetar. Det var Sem og Jon Vaule, som eg, via kontaktar på jernbanen, hadde hjulpet i veg mot Sverige. Vidare skreiv han at viss det var mogleg å få fleire sekker, så ville han gjerne ha det. Eg skreiv tilbake og spurte om det var fare for frostskaade når potetane skulle sendast vidare austover. Det var det ikkje; dei blei sende i varme vogner. Altså skulle det vera trygt for oss å reisa.

Også Sigurd Vaule måtte til Sverige. Han skulle reise i lag med Alf Vikeså. Bård Vassbø og Terje Vikeså skulle reisa først. – Det var første nyttårsdag i 1945. Frå Vikesdal gjekk me på austsida av Svelavatnet, kom til Holmen og gjekk over hengebrua til Oremo, til Bjerkreim og opp Saglandsbakken. Me gjekk bare i utmarka. På vegen torde me ikkje gå. Til Klungland kom me

søkkblaute og vonde av vassblører. Hjå Peder Skåra fekk me eta, tørka klede og sko og sova. Dagen etter gjekk me på toget, med falske reiseløyve og grensebuarbevis. Eg heitte Arvid Barås og hadde adresse Ålgård. Terje skulle væra frå Vigrestad. I tillegg til oss var det to forvitne koner i kupeen. Eg sa lite, men Terje svarte dei. Det heldt på å gå gale då dei spurte kva som låg nærast byen av Varhaug og Vigrestad. Det visste ikkje Terje, men han tok sjansen på Vigrestad. Han rodde seg i lang med å forklara at for han var det Egersund, og ikkje Stavanger som var byen, fortel Bård Vassbø.

KALDT UTANFOR KUPEEN

Dei kom seg til Kristiansand, fekk nye papir og beskjed om at det på toget vidare austover var ein konduktør som visste kven dei var, men som dei sjølv ikkje kjende. – Me forstod kven som var rette konduktøren ved at han lyste med lommelykta på ein spegel, slik at lyset reflekterte rett på oss, fortel flyktningen, 58 år etter.

Eit stykke før Nordagutu stasjon hadde dei to bjerkreimsungdommane stor nytte av konduktøren. – Han hadde fått beskjed om at tyskarar på inspeksjon var på veg gjennom toget. Då dei nærma seg vår kupe, sende han oss ut for å stå på stigtrinnet til faren var over. Eg ser enno føre meg lysblinka frå toget gjennom den snødekte granskogen. Etter fem-ti minuttar var me så iskalde at me hadde vondt for å halda oss fast. Omsider var det trygt å koma inn i kupeen igjen og bli der resten av turen til Oslo.

Beskjeden dei to hadde fått i Kristiansand, var å gå til Nasjonalteateret og ta trikken det stod «Majorstua» på. – I Sørkedalsveien 1, oppgang 4, fjerde etasje skulle me banka på og helsa fra «Albert», minnes Vassbø.

Dei blei mottekne med god, svensk mat mens dei venta på pleiaren fra Gaustad asyl, som skulle plukka dei opp og ta dei med til sinnsjukehuset – som pasientar. – Gestapo var på kontroll akkurat då me kom, men då ein mann kom ut og vifta med ein kvit frakke, var det klart for innskriving på asylet.

Dei var «pasientar» i ei dryg veke. Planen var at me skulle gå på ski til Sverige. Men sidan ein kurer var teken med kart over dei vanlege fluktrutene, måtte me slå dette frå oss og venta på nærmare ordre. I eit par dagar var me innlosjerte hjå ein som heitte Gude i Frognerveien. Der fekk me togbilletter til Tønsberg. I Tønsberg skulle me sjå etter ein mann med brun frakk, hatt og avis under høgre armen. Det viste seg etter kvart at me var eit følge på 37 stykk som skulle reisa med losskøyta frå Nøtterø og over til Sverige.

Overfarten baud på meir spenning. Samanstua i eit mørkt lasterom, der ei bømme gjorde nytte både når bølgene tvang flyktningane til å gi hals, og når dei måtte tre av på naturens vegne, sat dei og følgde med på motorduren. Ein gong stilna duren noko, og like etter høyrdes hæljern på dekk. - Eg tenkte at viss tyskarane opna luka, så ville iallfall stanken avslørt oss, seier Bård Vassbø.

Men rømningane kom seg trykt til Strømstad. Det var blitt slutten på januar, og dei blei innrullert i Det kongelige norske reservepoliti. Eg hadde registreringsnummer 43130, seier Bård Vassbø – utan å kikka på identitetskortet.

Det blei ikkje slik at Alf Vikeså og Sigurd Vaule kom samtidig til Oslo. Sistnemde kom for seint. Gestapo hadde avslørt Sørkedalsveien 1. Vaule blei møtt med eit knytteneveslag då han helsa frå Albert. Han sat på Møllergata 19 til krigen var over.

SPREIDD FAMILIE

For Bård Vassbø blei det svensk fredsfest 7. og 8. mai. Me fekk då vita den 7. at krigen ville bli slutt dagen etter. Eit par veker etter var eg tilbake i Oslo. Troppen vår hadde ulike oppgaver. Blant anna transporterte me dei såkalla tyskartøsene som sat på Bredtvedt kvinnefengsel, til og frå

vaskejobbane dei blei sette til. Me hadde også vaktjeneste som gardistar på Slottet, og stod portvakt på Akershus festning då Quistling blei skoten. 7. juni stod me æresvakt då kong Håkon kom frå England.

Mens krigen spreidde resten av familien hennar for alle, stormfulle vindar, sat mor til Bård Vassbø aleine heime på Vikeså og frykta for livet til mann og fire søner. – Far sat på Grini, eldste bror min, Knut sat på Møllergata 19 med dødsdom hengjane over seg, Viljen låg i dekning på Stene, og Harald var i marinen, seier Sverige-flyktningen.



NUMMER 43130: Bård Vassbø treng ikkje kikka på ID-kortet for å hugsa at han blei innrullert som nummer 43130 i Det kongelige norske reservepoliti.

*



Torvhytta i Hegelstaddalen.

Aaland Gård, februar 2014
Paul Tengesdal